

## Nytt frå

# Utviklingscenter for sjukeheimar i Buskerud juni 2016

---



Ferietida er nær føreståande. Utviklingscenter for sjukeheimar i Buskerud vil med dette få ynskje alle ein riktig god sommar, og samtidig gje små glimt frå delar av Utviklingscenteret sitt arbeid denne våren.

### 1. Ernæring

- USH utlyste stimuleringsmidlar til kompetansehevande prosjekt innan ernæring. Vi har fått gode søknader frå sjukeheimar som har ynskje om å etablere gode rutinar og betre praksis. Svarbrev på tilskot går ut medio juli.
- Ernæringsnettverk for Nore- og Uvdal har starta opp. Det blir arrangert ein fagdag i ernæring i samarbeid med Høgskolen i Sørøst-Norge i midten av september. Invitasjon kjem.
- Ernæringsnettverk for Hallingdal som starta opp i 2009 er fortsatt i full aktivitet. Dei har 3 faste samlingar i året, og har god nytteverdi av fagseminar og erfaringsdeling frå praksis. Neste nettverksmøte for Hallingdal blir i november 2016, då med tema «Diabetes»
- Vi minner om vårt e-læringsprogram «Velkommen til bords» [www.velkommentilbords.no](http://www.velkommentilbords.no). Statistikk viser at sida er godt besøkt.
- «Velkommen til bords» vil i løpet av hausten bli utvida med eit nytt tema – «Kostrådene», som er basert på Helsedirektoratets 12 råd om kosthald og fysisk aktivitet. I løpet av hausten vil vi utvikle testspørsmål til avsluttande prøve, og kompetansebevis for gjennomført og godkjent e-læringskurs.
- «Velkommen til bords» er også å finne på KS- læring sin side <https://kurs.kommit.no/>
- Har du spørsmål om ernæring og ernæringsarbeid? Ta gjerne kontakt med vår prosjektleiar innan ernæring Carina Slaatto (mob.930 46 772).

### 2. Utdanningar i samarbeid med høgskular

#### Klinisk geriatrisk vurderingskompetanse – 30 studiepoeng på masternivå - Høgskolen i Sørøst Norge i samarbeid med USH/ Ål kommune.

Klinisk Geriatrisk Vurderingskompetanse Ål og Drammen er allereie halvvegs. Studiet vert tilbydd på Torpomoen/ Ål, men førelesningane blir også overført til Drammen. Dei nærare 30 studentane er svært nøgd med gjennomføringa. Kompetansen, både praktisk og teoretisk, er lett å omsette i kvardagen, og styrkar den einskilde sjukepleiar sin kunnskap og kvalitet i møte med den eldre pasienten.

## «Omsorg ved livets slutt» - 10 studiepoeng på masternivå - VID vitenskapelige høgskole (Diakonhjemmet) i samarbeid med USHT Buskerud

I starten av 2017 vil VID vitenskapelige høgskole (Diakonhjemmet) i samarbeid med USHT arrangere eit studie i emnet «Omsorg ved livets slutt», 10 studiepoeng på masternivå (min.20 studentar). Det vil bli etablert ein klasse i Hallingdal om søkjarmassen er stor nok. Det blir også vurdert ein klasse nr 2 ein annan plass i fylket. Annonse for studiet finn du på VID si heimeside frå hausten.

## Opplæringspakke lindrande behandling og omsorg ved livets slutt for helsefagarbeiderar og ufaglærte – pilot.

Helsedirektoratet har invitert USHT i Hedmark og Buskerud til å delta i utprøving av en modell/opplæringspakke i lindrande behandling og omsorg ved livets slutt. Kompetansepakka inneheld td e-læring, handbok, og refleksjonsspørsmål, og gjennomførast tilnærma som ABC-opplæring. Det er Høgskolen i Hedmark som har utvikla kompetansepakka på oppdrag frå Helsedirektoratet. Nokre kommunar Buskerud vil hausten 2016 få tilbud om å delta som pilotkommune og hauste erfaringar av modellen.



### 3. Fall – sluttrapport

Fall er den hyppigaste årsak til ulykke hjå eldre over 65 år og konsekvensane kan være alvorlege. Studiar viser at systematiske og målretta tiltak kan redusere førekost av fall og skader både på sjukeheim og hjå heimebuande eldre. Som eit samarbeid mellom utviklingscenter for sjukeheimar og heimetjenester i Buskerud, Vestfold og Telemark, vart det i 2015 arrangert eit læringsnettverk med deltakerar frå sjukeheimar og heimetjenester i dei tre fylka. Arbeidet er avslutta med ein sluttrapport, «Fallforebygging i sykehjem og hjemmetjenester». Les rapporten her:

<http://www.utviklingscenter.no/getfile.php/3537008.1875.espwverrx/SluttrapportFelles.pdf>

Kort summert viser rapporten at:

- Deltakerteama har hatt god nytte av å delta i læringsnettverket. Det er positivt å kunne dele erfaringar og hente idear og inspirasjon frå andre.
- Alle vil fortsette å jobbe med førebygging av fall i eigen kommune.
- Registrering av fall og statistikk vert framheva som eit viktig tiltak for å kunne måle forbetringar.

Faggruppa er no i gang med å lage eit E – læringsprogram om fallførebygging i heimetjenesta. Etter planen vil denne bli publisert i KS sin læringsportal i løpet av 2016.

### 4. Gjenklang – bevisst og systematisk bruk av sang og musikk i eldre og demensomsorgen.

God omsorg handlar om å møte pasienten der han/ ho er og gje individuelt tilrettelagte tenester basert på den einkilde si livshistorie og sjukdomshistorie. Opplæringsprogrammet «Gjenklang» er utvikla av «Musikkterapeutene», som består av Marianne Graff og Trine Lise Aasheim. Programmet er utprøvd og

gjennomført i Hemsedal og Ål frå oktober 2015 til i juni 2016. Dei tilsette opplever verktøyet og modellen til god hjelp. Bruk av sang og musikk som aktivitet er langt høgare i dag enn ved starten av prosjektperioda. Pasientane opplever også dette positivt og trivst med å delta i gruppene. Det er utarbeid ein kortfilm «Mer enn en sang» –produsert av USH i samarbeid med Musikterapiene og Filmprodusentane. Filmen gjev eit godt innblikk i bruk av metode, verkty og korleis dette påverkar både pasientar og tilsette.

Du finn filmen på Vimeo sjå link <https://vimeo.com/164277027> eller på vår heimeside.


## 5. Nettverkssamlingar

**Nettverkssamling for demens.** USHT gjennomførte samling for demens kontaktar på Lampeland i 21. april. Det er stor interesse og aktivitet på desse samlingane og mange kommunar deltek. Neste samling blir over to dagar, 12. og 13. oktober, også på Lampeland. Set av dagane allereie no.

**Nettverkssamling for USHT-kontaktar og deira leierar gjekk av stabelen 11. og 12. mai.** Samlinga vart arrangert over to dagar på Norefjell. Tema var kompetanseheving i dei kommunale helse og omsorgstenestene. Me hadde nyttige dagar saman både fagleg og sosialt. Neste nettverkssamling blir ei dagsamling til hausten. Me kjem attende når dato er fastsett.

**USH Buskerud inviterte til nettverkskonferanse 7. og 8. juni for alle utviklingscenter i region Sør.** Her deltok også Helsedirektoratet og Senter for omsorgsforskning. Gjennom desse dagane vart drøfta tema som felles samarbeid og utviklingssentra sitt vidare arbeid.

## 6. ABC-opplæring



I denne studiemodellen les deltakarane studiehefter og møtast i sjølvstyrde, tverrfaglege studiegrupper for å løyse refleksjonsoppgåver. I tillegg blir det gjeve to dagsseminarer per studieperm. Studiehefta er samla i permar som er berekna på eitt års studiearbeid. Les meir på nettsidene til Nasjonal kompetansetjeneste for Aldring og Helse. Har di kommune ynskje om å starte opp ABC-opplæring? Ta kontakt med vår ABC-koordinator Gunn Elen Hansen mob. 904 08 338, og finn ut når det blir planlagt ny samling.

*Til slutt ... Vi ventar stadig på attendemelding frå Helsedepartementet om framtida til utviklingssentra i Norge. Pr i dag er det driftsmidlar ut 2016, men vi håpar og trur på vidare drift etter 2016.*

**God sommar til alle!**

**Med helsing Borghild Ulshagen,**

**Prosjektansvarleg for Utviklingssenter for sjukeheimar i Buskerud, Ål**